



Nissedal kommune
Treungen barnehage

ÅRSPLAN FOR TREUNGEN BARNEHAGE 2023-2024



Innhold

VELKOMEN TIL BARNEHAGEN.....	2
Desse er med i SU barnehageåret 2023-204:.....	2
PEDAGOGISK GRUNNSYN	3
Delmål	3
EIN TRYGG OG GOD KVARDAG I TREUNGEN BARNEHAGE	5
OMSORG.....	6
LEIK	7
DANNING	8
BARN MEDVERKNAD	8
LÆRING	8
FORELDRES MEDVERKNAD I PLANLEGGINGSARBEIDET	9
VURDERING AV DET PEDAGOGISKE ARBEIDET	10
OBSERVASJONSSKJEMAET ALLE MED	10
TILVENNING AV NYE BARN	11
SAMARBEID OG SAMANHENG MED SKULEN.....	11

VELKOMEN TIL BARNEHAGEN

Årsplanen er vårt arbeidsdokument, samtidig som den viser korleis vi arbeider for å oppfylle krava i Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen. Vi arbeider kontinuerleg for at alle barn skal oppleve eit trygt og inkluderande læringsmiljø fritt for krenking og mobbing. Barna skal bli møtt av kompetente vaksne som har fokus på kvart enkelt barn si utvikling, og som gjer dei gode språklege og sosiale ferdigheitar. Barndommen er ein viktig fase i livet. Vi ynskjer at tida i barnehagen skal gje dei ein barndom prega av trivsel, venskap og leik. Med felles forståing og i tett samarbeid med dykk foreldra, skal vi gi barna ein god start på livet.

Årsplanen skal fastsetjast av Samarbeidsutvalet (SU).

Desse er med i SU barnehageåret 2023-204:

Heidi Storbrua (vara:Tjodvor Margrete Haugen) for eitt år til.
Vilde Opland Johannessen (vara: Håvard Rekvik) for to år.
Inger Margrethe Kleven(vara: Ann Kristin Rydningen) for eitt år.
Sikharintharn Kleven (vara: Monika Jablonska) for to år til.

Jorun M. Johansson er styrar og sekretær for SU.

Reidun Retterholt er einingsleiar for Oppvekst og kultur.

PEDAGOGISK GRUNNSYN

Det viktigaste er å få leike.

Denne haldninga skal prege tankane våre både i planleggingsarbeid og når vi er saman med barna i kvardagen.

Leiken stimulerer ulike sider av barna si utvikling, både språkleg, sosial og motorisk. Leiken er med på å utvikle barna sin kreativitet og evna til å løyse problem.

Hovudmål 2023-2024

Leik for alle

Delmål

1. Den viktigaste jobben min er å leike
2. Vi vil finne ut kva som gjer oss glade
3. Når vi er saman, kan eg vere meg

Desse delmåla blir utgangspunkt for avdelingsmøta våre. Personalet skal få fagleg påfyll og reflektere saman rundt desse tre delmåla. Vi tek utgangspunkt i desse spørsmåla:

- Kva ligg i dette?
- Kva betyr det i møte med barna?
- Korleis må eg som voksen vere?
- Kva er glede?
- Kva er leik?

Stikkord for vidare drøfting og planlegging:

Den viktigaste jobben min er å leike:

- Vi skal leggje til rette for eit inspirerande leikemiljø
- Leggje til rette for leikegrupper
- Vi må få meir kunnskap om leiken i dei ulike aldersgruppene

Vi vil finne utav kva som gjer oss glade:

- Vi vere bevisste på gode møter gjennom dagen, døme; helse om morgonen, augekontakt, god avskjed
- Relasjonsbygging: -aktivitetar vi gjer saman
 - opplevelingar der ein frydar seg saman, der det er spenning, der vi kan bruke fantasien
 - vere nysgjerrige på kvarandre
- Gjennom mestring og medverknad, skal barna oppleve å bli sett og høyrd

Når vi er saman, kan eg vere meg:

- Skape eit inkluderande miljø: «der det er rom for meg og eg kan vere saman med andre»
- Det skal vere rom for alle førelsar og barna skal få hjelp til å sette namn på dei.
- Alle skal bli anerkjend for den dei er
- Aktiv bruk av Konfliktløysningsmetoden, toleransevindauge
- Bygge opp sjølvbilete

Ein god barndom varer heile livet

EIN TRYGG OG GOD KVARDAG I TREUNGEN BARNEHAGE

Endringane i barnehagelova krev at barnehagane arbeider systematisk for å førebyggje utesenging og mobbing, og at dei skaper eit godt miljø der barna trivas og er sosialt inkludert.

Oppfølging av §41 Nulltolerande og førebyggande arbeid, §42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, §43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn. For personalet i Treungen barnehage er det viktig at barnehagen er ein trygg og god stad å vere. Barnehagen skal vere ein stad der barna opplever å høyre til, mestring og trivsel.

For oss er dette viktig:

- **Autoritative vaksne**
 - dei vaksne viser varme og omsorg for barna, dei vaksne er tydelege
 - utvikle gode relasjonar til barnet
- **Eit godt leikemiljø**
 - det fysiske leikemiljøet
 - vaksenrolla
- **Trygghetssirkelen**
 - tilknytning mellom barnet og viktige vaksne
 - korleis vi kan forstå barnet sine behov
- **Nulltolerande for mobbing**
 - personalet skal ha kunnskap om kva mobbeadferd og utesenging er
 - personalet skal ha redskap til å handtere mobbing og utesenging av barn
 - personalet skal observere enkeltbarn og barnegruppe

Alle vaksne er klar over sin plikt når eit barn ikkje har det bra


Dei vaksne sitt ansvar – aktivitetsplikt

Aktivitetsplikten består av 4 delplikter:

- 1)Plikt til å følgje med
- 2)Plikt til å melde frå
- 3)Plikt til å undersøkje
- 4)Plikt til å sette inn tiltak

Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn.

Dei fire vaksenstilane:



OMSORG

"Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik." (Rammeplanen s 19)

Som de ser av illustrasjonen under, er Trygghetssirkelen laga med tanke på samspel foreldre– barn. Den handlar om tilknyting mellom barnet og viktige vaksne, og korleis vi kan forstå barnets behov. Foreldra vil alltid vere "viktig vaksen nr 1". Personalet i barnehagen kjem kanskje som nr 2?

Trygghetssirkelen gjer gode føringar for kva barnet treng av oss. Vi må arbeide for å vere "trygg base –sikker hamn": som støttar barnet i utforsking og som tek imot barnet når det kjem til oss. Ein slags ladestasjon for trygghet og omsorg.

TRYGGHETSSIRKELEN

Teorien rundt Trygghetssirkelen seier oss mykje om kva barn i ulik alder treng, og kortversjonen er:

Eittåringen: "La meg vere tett innpå"

Frå 1 til 2 år: "Forstå meg og støtt meg i ulike følelsar"

Frå 2 til 3 år: "Hjelp meg i leiken"

Frå 3 til 6 år: "Fortell meg historier, la meg lære nye ting og leike med dei andre barna, men ver der når eg treng deg"



LEIK

"Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast" (Rammeplanen s 20)

Barn vil leike! Aleine, saman med vaksne, saman med andre barn. Leiken er ein arena for samhandling og relasjonar, og vi må sjå til at alle får ta del i leik. Inkludering i leik er av heilt grunnleggande betydning for barna sin sosiale, emosjonelle og kognitive utvikling. I leiken øver barna seg på livet.

Leiken er den viktigaste staden å jobbe med førebygging av mobbing og krenkingar i barnehagen.

Vi er «i kulissene» og hjelper for eksempel med konfliktløysing, finn utstyr og kjem med idear.

Når vi ser at leiken går i stå eller at barn strevar med å komme med i leik, kan det vere nødvendig at vi er leikeledar (vi er «framom» barnet).

DANNING

Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evnar til å reflektere over eigne handlingar og veremåte.

"Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap." Rammeplan s 21

Barn lærer som kjent meir av det vi gjer enn av det vi seier. Vi må vere bevisste på at vi er rollemodell: vi må sjølv gjere det vi vil barna skal gjere!

BARN MEDVERKNAD

"Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen." (Rammeplanen s 27)

I alle drøftingar og situasjonar må vi hugse på barns rett til medverknad. Dei skal få gje uttrykk for kva dei meiner og kva dei vil. Vi må lytte, og vurdere korleis vi best kan ta vare på barnas ynskjer, interesser og behov.

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksemd. Barn skal jamnleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen sin verksemd. Barnet si synspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med alder og mognad." Barnehagelova §3.

LÆRING

"I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. ... Nysgjerrigkeit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane." (Rammeplanen s 22)

Vi vil legge vekt på å undre oss saman med barna, og å ta utgangspunkt i deira nysgjerrigkeit.

Rammeplanen inneholder sju fagområder som skal vere ein del av innhaldet i barnehagen:

- kommunikasjon, språk og tekst
- kropp, rørsle, mat og helse
- kunst, kultur og kreativitet
- natur, miljø og teknologi
- mengd, rom og form
- etikk, religion og filosofi
- nærmiljø og samfunn

Kvar fagområde dekker eit vidt læringsfelt. Dei gjenspeiler områder som har interesser og eigenverdi for barna i barnehagealder og skal fremme trivsel, allsidig utvikling og helse. I leik og kvardagsaktivitetar er ofte eitt eller fleire av fagområda representert.

- Frå 1-2 årsalderen vil fagområda bli knytt til kvardagssituasjonar som måltid, stell, av- og påkledning, leik og kos.
- Frå 2-3 årsalderen er rolleleiken eit godt utgangspunkt for å arbeide med fagområda.
- For dei eldste barna i barnehagen vil temaarbeid/aktivitetar i 5-årsklubben og elles vere eit naturleg supplement til leiken og kvardagssituasjonane.

Barnehagen brukar nynorsk som skriftspråk. Vi legg vinn på at barna skal møte nynorsk i kvardagen; i bøker, songar, rim og regler.

FORELDRES MEDVERKNAD I PLANLEGGINGSARBEIDET

Vi vil bruke foreldremøtet i haust til å presentere og grunngje våre forslag til satsingsområde og målsettingar for Årsplanen, og opnar for innspel frå foreldra. Foreldra kan òg ta kontakt med oss eller foreldrerepresentantane i forkant av møtet i Samarbeidsutvalet, der Årsplanen skal fastsetjast, dersom dei har innspel.

Korleis vi skal samarbeide med foreldra om årsplanlegging og evaluering frå foreldra kommande år, vil vi gjerne drøfte i Samarbeidsutvalet. Foreldresamtalane er ein aktuell arena for samarbeid og planlegging som gjeld enkeltbarn. Her kan både foreldre og personale ta opp saker ein ønskjer å drøfte eller samarbeide om.

Vi vil gjerne ha ein løpende dialog med foreldra.

Ved bringing og henting vil vi vere tilgjengelege for kontakt så langt det let seg gjere. Barna og barnegruppa treng oss "på golvet", men vi prøver å få tid til beskjedar og tilbakemeldingar. Dersom de/vi vil ha ein lengre prat eller drøfte ting som er best å ta

opp utan barn til stades, er det best å ringe. Barnehagen inviterer til foreldresamtale to gonger i året. Fleire samtaler kan avtalast ved behov.

Velkommen til oss med tankar og innspel. På stort og smått. Ris og ros. Vi skal lytte så godt vi kan, og drøfte korleis vi kan ta det med i vidare planlegging.

VURDERING AV DET PEDAGOGISKE ARBEIDET

Personalet har avdelingsmøte ein gong i månaden. Vi møtast til fagleg oppdatering, refleksjon og informasjon.

Evaluering av arbeidet vårt skal vere fast sak på desse møta.

Vi tek utgangspunkt i målformuleringane i Årsplanen og månadsbreva. "Har vi nådd måla? Kva må vi jobbe meir med?

Ser vi andre og nye utfordringar?"

Denne evalueringa blir grunnlaget for mål og planar for den neste månaden.

Månadsbreva, som vi sender til dykk, skal innehalde:

- eit kort referat frå førre månad, med refleksjonar og evaluering
- mål for månaden som kjem, gjerne med sitat frå Rammeplan eller Årsplan. Vi tek utgangspunkt i delmåla på side 3.
- informasjon om kva vi vil gjere, kva vi vil at barna skal oppleve/gjere og tankar om vaksenrolla.
- vi sender ut eit felles månadsbrev for heile barnehagen der vi også tar med innhald frå den enkelte avdeling.

OBSERVASJONSSKJEMAET ALLE MED

Observasjon er ein del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen og det intensiveras ofte før foreldresamtalane.

Dette barnehageåret vil alle barnehagane i Nissedal kommune bruke dette observasjonsskjemaet ALLE MED.

ALLE MED inneholder 18 utsegn på kvart alderstrinn. Det viser ikkje heile og fulle sannheita om eit barn, den viser berre ein del av den kompliserte prosessen barn si utvikling er.

Dette observasjonsskjemaet dekker barnets 6 utviklingsområder: Språkutvikling, leik, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og sansemotorisk utvikling.

Vi ynskjer å ha fokus på korleis dei vaksne rundt barnet kan få barnet til å meistre. Dersom det er noko som ein må sjå nærrare på: kva kan dei vaksne gjere for at barnet skal få det til?

TILVENNING AV NYE BARN

"Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen" (Rammeplanen s 33)

Vi ønskjer å sette av god tid til tilvenning i barnehagen. Foreldra til barn som skal starte i barnehagen får tilbod om ei oppstartsamtale. Når barnet startar i barnehagen forventar vi at foreldra brukar god til saman med barnet den fyrste tida. Kor lang tid kvart barn treng vil variere, og avtalast med personalet etter kvart.

Gjennom heile barnehageåret kjem det til å vere aktivitetar på tvers av avdelingane. På forsommaren legg vi opp til at dei som skal bytte avdeling etter ferien, blir kjent på Storesida. Barna får vere med på å "flytte"; det vil seie å flytte korga si til den nye garderobepllassen sin.

SAMARBEID OG SAMANHENG MED SKULEN

Nissedal kommune har ein plan for overgangar i utdanningsløpet: "Frå eldst til yngst". Denne planen omhandlar m.a. overgangen frå barnehage til skule. Målet er: Trygg og god skulestart

Planen skisserer diverse aktivitetar for dei som går det siste året i barnehagen, m.a.: Førskuleklubb i barnehagen, besøk på skulen, turar og aktivitetar saman med dei andre barnehagane og 1.klasse, førskuledagar. Planen ligg på heimesida til Nissedal kommune.

Vi har 5-årsklubb for barna som går siste året i barnehagen. Dei aktuelle heimane får tilsendt skriv om 5-årsklubben, med informasjon om mål og innhald.

Personalet frå barnehagen blir med på forskuledagane som skulen arrangerer om våren. Den som skal vere kontaktlærar for 1.klasse blir invitert til å hospitere ein dag i barnehagen, og til å vere med på 6-årsfesten.